

**Innkalling til Årsmøte for 2015 i Midtre
Holsnøy grunneigarlag.
I florn på Steinberget ons. 16. mars kl 19:30**

SAKLISTE:

- 1. Godkjenning av innkalling og sakliste**
- 2. Val av skrivar og to til å skriva under i protokollen**
- 3. Årsmelding**
- 4. Regnskap**
- 5. Saker frå styret – vedtektsendring sjå under.**
- 6. Innkomne saker frå medlemmer**
- 7. Val**

Til sak 5 – Forslag til vedtektsendring

For at eit lag skal kunne ha eigen bankkonto må laget vera registrert i Einingsregisteret og ha organisasjonsnummer. Vår søknad til Brønnøysundregisteret om registrering vert avslått fordi vedtektene til laget ikkje er i samsvar med reglane. Det er utdeling av eigedeler til medlemmane ved oppløysing som er i strid med reglane.

Foreslår derfor at teksten som er understreka under, tas ut av vedtektene:
”§ 11. Oppløysing.

(...) Ved oppløysing skal mogleg eiga delast likt mellom medlemmane.”

Styret meiner denne setninga er unødvendig i vedtektene då det avsluttande årsmøtet uansett vil plasere lagets eigedeler på ein fornuftig måte.

Vedtektene finn du på internett her:

<http://www.steinberget.net/Vedtekter.pdf>

**Midtre Holsnøy Grunneigarlag
Årsmelding for 2015**

Styret:

Leiar: Bjarte Skintveit på valg
Nest leiar: Leif Harald Olsvoll på valg
Kasserar: Børge Skurtveit
Skrivar: Ingmunn Skurtveit Åsebø - på valg
Styremedlem: Ole Gunnar Rasmussen
1 vara: Terje Fløysand på valg
2 vara: Atle Dalland på valg
3 vara: Atle Håtuft på valg

Revisor: Atle Dalland på valg
Jan Olav Bratshaug på valg
Valnemd: Børge Skurtveit på valg
Terje Fløysand
Bjørnar Brakstad

Styret har hatt 2 styremøte utanom årsmøte.
Medlemstalet er 54

Laget har ca kr på konto
Regnskapet blir lagt frem på årsmøte.

Saker grunneigarlaget har arbeidet med i 2015

Anadrom fisk:

Arbeider vidare med gjenopning for anadrom fisk til vassdraget. Det offentlege jobbar med saka, men foreløpig ingen fremgang.

Naturstiar:

I samarbeid med NHIL, UL Framsteg og Rossland skule, har ein tilrettelagt turterenget i Skintveitmarka, som har resultert i mange km med rydda stiar der det er lagt klopper i våte parti. Området er godt skilta og mykje nytta av turgåarar. Arbeidet er godt i gang og vil halde fram.

Overløpsteskel ved nedre Sjevlo:

Grunneigarlaget har gjeve uttale til Salar Smolt AS sin søknad om å få ekspropria eigeidom i Sjevlo. Grunneigarlaget støtter vasslaget og direkte berørte grunneigarar, og er mot at bedrifta skal kunna nytta ekpropriasjon for å pressa gjennom ein rimelegare avtale om nytte av areal. Bygging av ny demning kan få innverknad på vasshøgda og kan gje høgare vassnivå i nedbørsrike perioder.

Reguleringsfiske:

Arnt Brakstad har i 2015 foretatt tynningsfiske i Storavatnet med garn – flyterusa vart ikkje nytta dette året. Han har fiska tilsaman 520 garndøgn
Samla fangst: 7537 røye (1005,2 kg), 526 aure, 2 ål
Gjennomsnittsvekten for røye var 133g mot 124g i 2014

Bjørn Inge Tornes har i 2015 foretatt tynningsfiske i Rylandsvatnet
Han har fiska 32 garndøgn. Garn maskevidde omfar 24-26.
Samla fangst 20 kg røye og 11 kg aure.
Gjennomsnittsvekten for røye var 168 g
Største røye 230 g. Største aure 550 g

Informasjon til medlemmene 2016

Sender innkalling, sakliste, årsmelding, (baksida) innbetalingsinfo og litt informasjon.

Laget si heimeside: grunneigarlaget.cow.no

Det er gledelig med auke i kvalitet og storleik i fiskebestanden i vassdraget. Dette må være eit resultat av aktivt tynningsfiske.

Salar Smolt AS sin søknad om ekspropriasjon i Nedre Sjevlo er inne i ein avsluttande fase, og det er NVE som skal avgjere om ekspropriasjon skal tillatast. Grunneigarlaget er ein av dei som har gjeve merknad til forslaget. Alle merknadane er kritiske til ekspropriasjon, og det vert sett spørsmål ved konsesjonens gyldighet ettersom byggefrister synest å vera utdaterte. Salar Smolt AS på si side meier at konsesjonen er oppfylt ved at tiltaka knytt til konsesjonen er ferdigstilt. Dei meiner at tiltaket i N Sjevlo er eit vilkår frå NVE og at det berre er snakk om ei justering av demninga.

Smoltanlegget hevdar at vassnivåa vil verta lettare å styra ved ny overløpsdemning med justerbar luke. Dei har imidlertid tidlegare sagt at luka berre skal brukast til å sleppa ut vatn når det ikkje renn over demninga – i so fall er det grunn til å frykta høg vannstand ved nedbørsrike periodar.

Laget har medlemmer som vert direkte berørt av tiltaket, og ombygging av demninga kan få konsekvensar for alle

grunneigarane i Bjørndalsvatnet/Storavatnet, med tanke på auka vassnivå.

Utforminga av ny demning og gjennomføring av arbeidet vil gje endring i landskapet og det er viktig med innspel om tilrettellegging med tanke på ferdsel i området.

Vi har utfordra Fylkesmannen på spørsmålet om å igjenopna vassdraget for sjøaure. Det er Miljødirektoratet som tar vidare saka. Det må i tilfelle leggast til rette for dette både i N Sjevlo og utløpet av Rylandsvatnet

Naturen rundt vassdraget vert flittig nytta. Det har vorte spikra mange hundrede meter med tre-klopper i Skintveitmarka i 2015. Dette gjer alle turstiane farbare, særleg over myrene og oppgraderer turområdet betydeleg

Grunneigarlaget har eit nettbasert nyhetsbrev. Har du internett kan du her lese internt nytt frå vassdraget – styremøter, intern og ekstem kontakt, dokument m.m.

Nyhetsbrevet er beskytta med passord slik at det berre er tilgjengeleg for medlemmane i laget.

For å få adresse og passord til sida så må du henvenda deg til e-post b-bass@online.no eller mobil/SMS 450 66 764

For dei som har Facebook står det mykje om vassdraget i gruppa: "Rylandsvassdraget"

Leiaren

NB – det er komen forslag om vedtektsendring. Vedtektsendringa er nødvendig for å kunna registrera laget i einingsregisteret, slik at laget skal kunne ha eigen bankkonto.

Vi minner om at medlemskap er knytt til gården og varer til ein evt skriftleg oppseiing. Medlemskontigent er eit viktig tilskudd slik at laget kan driva med arbeide som tynningsfiske, oppgradering av fiskeredskap som igjen styrker kvaliteten på fisken i vassdraget. Fleire frå same gård kan vere medlem, men berre 1 stemme frå kvar gård.

Meld frå om evt. adresseendring eller endring av eigedom. Årsmelding og innkalling til årsmøte står på baksida.

Betalingsinfo

Medlemskontigent for Midtre Holsnøy Grunneigarlag for 2016

Kr 200,-

Til konto 0531.03.04931

Betalingsfrist 16. mars

Midtre Holsnøy Grunneigarlag
Myrtveitvegen 68
5918 Frekhaug